Arkiv:	FE-150
JournalpostID:	19/349
Saksbehandlar:	Ørjan Raknes Forthun
Dato:	30.09.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
047/19	Fellesnemnda Alver	07.10.2019

Tertialrapport økonomi Alver-programmet

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:
Fellesnemnda tek meldinga til orientering.

Saksopplysningar:
Saka skal til uttale i PSU
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn for saken:
Fellesnemnda har i sak 064/18 vedteke årsbudsjett for 2019 - del av prosjektperioden 2017-2020. Det vises i denne samanheng også til sak 25/2017 (Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017-2020). Prosjektleiars framlegg er i tråd med tidlegare
vedtak. Frå saka i 2017: «I samband med kommunereforma har staten etablert nokre økonomiske verkemidlar for kommunar som har gjort vedtak om å slå seg saman. For Lindås, Meland og Radøy kommunar utgjer dette til saman kr. 72,6 mill. Summen inneheld midlar knytt til eingongsstønad, regionsentertilskot, reformstønad og infrastrukturmidlar. Infrastrukturmidlane, kr. 5 mill, er øyremerkt og må nyttast i tråd med søknaden».

Kommunen vil frå 2020 også mota inndelingstilskot, som skal kompensere kommunen for tap i rammetilskot som følgje av samanslåinga. Dette er ikkje del av denne saka.

Vurdering
Framlegg til budsjett for fellesnemnda er ikkje eit ordinert kommunebudsjett og det er framleis usikkerheit knytt til enkelte av postane.

I eit kommunebudsjett er det vanleg at rådmannen kan omdisponere innanfor hovudpostane, men det er ikkje aktuelt på denne typen budsjett. I 2017 vart det difor delegert til programansvarleg å omdisponere/ endre med inntil 25 % av kvart års samla budsjett.

Frå 2018 er det utarbeida rapport kvart tertial. I rapporten vert det også vurdert om det er trong for busjettjusteringar/løyvingar, utover det som delegerte fullmakt gjev rom for. Dette er andre tertialrapport i 2019 og det er ikkje trong for endringar utover løyvd fullmakt.

Innanfor prosjektleiars fullmakt er det i 2. terital 2019 gjort følgjande endringar:
IKT og digitalisering: Redusert 2020 med kr 2.250.000,- (overført til 2019, sjå under)
Tilpasning kontor/overført investering: Ny post, auka med kr 2.000.000,- i 2019.
Val 2019: Ny post, auka med kr 250.000,-

Endringa av budsjett, med framskyving frå 2020, er naudsynt for å kunne gjere nokre tilpasningar og endringar knytt til endra bruk av rådhusa og andre kontor disponert av kommunane. Beløpet er ikkje endeleg, og det kan kome endringar som vert å handsame i Alver kommune.

Revidert budsjett per 30.8.19 - tertial 2-2019							
Inntekter	**R -2017**	**R - 2018**	**R - 2019**	**B - 2019**	**JB -2019**	**B - 2020**	**Sum**
Eingongsstønad	35 000						35 000
Reformstønad						20 000	20 000
Infrastrukturtiltak	5 000						5 000
Sum	**35 000**	**-**			**-**	**20 000**	**60 000**
Utgifter	**R -2017**	**R-2018**	**R -2019**	**B - 2019**	**Justert B - 2019**	**Justert B - 2020**	**Sum**
Frikjøp tillitsvalde		0		800	800	200	1 000
Tillegg for arbeid i programorganisasjonen		289	462	2100	2 100		2 389
Programkontor/prosjektbemanning		1338	1219	7100	9 000	1 000	11 338
Arkivprosjekt		0		814	1 000	5 000	6 000
IKT og digitalisering		676	2323	14800	13 800	2 800	17 276
Ny heimeside - grafisk profil		0		500	500		500
Politisk styring og involvering/møtegodtgjersle	210	410	713	1200	1 000		1 620
Informasjon, involvering og kulturbygging tilsette		119	46	700	500	200	819
Informasjon, identitet og kulturbygging		8	274	900	500	200	708
Møter og konferanser	80	70	45	400	400		550
Opplæring og kurs	200	701	222	200	200		1 101
Eksterne konsulenter (utanom programkontor)	1 690	2151	790	3500	2 500	1 000	7 341
Kyrkjeleg fellesråd		800	1238	800	1 300		2 100
Val 2019					250		250
Tilpasning kontor/overført investering					2 000		2 000
Til uføresett		2	4			6	8
Infrastrukturtiltak		0		3000	3 000	2 000	5 000
Sum	**2 180**	**6 564**	**7 336**	**36 814**	**38 850**	**12 406**	**60 000**

Fellesnemnda Alver 07.10.2019:

Behandling:
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FA- 047/19 Vedtak:
Fellesnemnda tek meldinga til orientering.